

ANTIMOBBEPLAN FOR ÅMÅS FRISKULE

EIN GOD STAD Å VERE ER EIN GOD STAD Å LÆRE!



☺Å løyse knutar krev god samhandling☺

Frå 1.aug.2017 er nulltoleranse mot mobbing lovfesta, og det er viktig at ALLE jobbar ilag for å nå dette målet ☺

ANSVARSKJEDE I ARBEID MED MOBBING/ KONFLIKTLØYSING

PROBLEMLØYSING

Prinsippet er at ein skal prøve å løyse problem/konflikter på lavast mogleg nivå og med færrest mogleg involverte partar. I kvart einskild tilfelle må ein vurdere når og i kor stor grad vil det gagne løysinga av problemet at dei føresette blir dregne inn på eit tidleg stadium; om ein bør vente litt, eller informere dei i den ordinære foreldresamtalen (gjeld ikkje ved mobbing: jmf.aktivitetsplikt §9A-4). Kontaktlærer bør rådføre seg og informere kollegaer og rektor heilt frå starten av, og desse skal og bør vere aktive i observasjonsfasen.

Trinn 1: OPPDAGE OG MELDE FRÅ OM MOBBING

- a) dersom elevar ser at nokon blir mobba, melder dei frå til vaktlærer eller kontaktlæraren sin
- b) viss ein lærar eller assistent får mistanke om mobbing, melder ho frå til kontaktlæraren om det

Trinn 2: KONTAKTLÆRAR, ELEVAR OG FORELDRE

- a) kontaktlæraren samtaler med den som vert mobba
 - får klarheit i hendinga
 - støttar
 - er tydeleg på å ta ansvar for å få slutt på mobbinga
 - informerer om kva som skjer vidare
 - gjer avtale om oppfølging, set umiddelbart i verk tiltak.
- b) Kontaktlærer eller innsatsteam mot mobbing har individuelle samtalar med mobbar/mobbarane.

Start med den som er mest villeg til samarbeid og har størst påverknad i gruppa. Dokumenter med: grunnlag/bakgrunnskunnskap, samtale om saka bygd på observasjonar og gjennom samtalen med offeret + samtalar med ev. tilskodarar eller klassekameratar som kjenner til saka.

- samtalane med mobbarane må gjennomførast fortløpande slik at dei ikkje får prate seg i mellom først (dersom dei er fleire)
- konfrontasjon, men vere open for mobbaren sin versjon. Ver likevel klar på at mobbinga ikkje vert akseptert. NB: ikkje diskuter -for vi *veit!*
- få mobbaren til å sjå og skjønne kva som skjer, og sjølv å ta avstand frå mobbinga
- har mobbaren sjølv noko forslag til løysing?
- forplikte seg på positiv åtferd andsynes mobbeofferet
- skriftleg avtale om oppfølging med melding til føresette

Trinn 3: KONTAKTLÆRAR, ELEVAR, FORELDRE OG REKTOR/INNSATSTEAM

a) info til foreldra om saka

- innsatsteam mot mobbing har gruppesamtale med mobbarane
- referere kva som har kome fram frå kvar enkelt
- referere kva kvar enkelt har forplikta seg til m.o.t. åtferdsending
- ny avtale (oppfølginga må halde fram heilt til situasjonen er løyst)

b) konsekvensar dersom åtferda ikkje endrar seg

- offeret uttaler seg om situasjonen no
- felles samtale m/alle partar
- info – kva har skjedd til no

c) plan framover

- sette inn tiltak på dei ulike klassetrinna: spesielle haldningsskapande opplegg, som t.d. «Steg for steg», «Det er mitt val», «Lev vel» el. likn.
- halde rektor informert.

Relasjonell rehabilitering kan ta lang tid, og inneber at lærarar og andre tilsette som skal fylgje opp elevane, har god relasjonskompetanse. Forsking syner at det er lite føremålstenleg å rette tiltak mot mobbaren si åtferd aleine. Tiltak for å hindre vekstvilkåra for mobbing i klassa vil kunne gje betre resultat.

Når mobbinga tek slutt er det såleis framleis viktig med innsats for å hjelpe både den som har vorte utsett for mobbing og den som har mobba inn i konstruktive og utviklande elevroller. Etter at ei mobbesak er avslutta er det ofte eit slags vakum i miljøet, der rollene ikkje lenger har same signatur. Det gjev høve til å restrukturere klasse miljøet på ein måte som fremjar positivt samspel og reduserer sjansen for at slike situasjonar kan oppstå igjen.


Trinn 4: REGIONALT INNSATSTEAM MOT MOBBING, TIDLEGARE INVOLVERTE + ev. HELSESØSTER + ev. PPT + ev. BARNEVERN + ev. POLITI

Desse instansane kan koplant inn dersom situasjonen er heilt fastlåst, og skulen treng hjelp til å kome vidare.

Skulen skal informere dei føresette om retten til å uttale seg (kap. §9A- 9, og retten til å melde saka til fylkesmannen (§9A-6))

Planen vart drøfta og godkjend av styret 20.11.18, og lagt fram for SMU same dag.


Åmås Friskule,



Anne-Karin Espe - rektor



Svein-Erik Grevsnes - IMM



Susanne T. Finnøy - IMM



Frode Sundnes – styreleiar

